



ÅRSMØTE I SA NAUSTDAL BÅTLAG 2023

Torsdag 30. mars 2023 kl. 19.00 på Kyrkjelydshuset i Naustdal

Sakliste

1. Godkjenne medlemmar med tale- og røysterett

Det er møtt fram 12 personar på årsmøte.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte godkjenner 12 personar med tale- og stemmerett.

Vedtak: Styrets framlegg vart samrøystes vedteke.

2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Styret sitt framlegg:

Årsmøte godkjenner innkallinga og sakliste til årsmøte.

Vedtak: Styrets framlegg vart samrøystes vedteke.

3. Val av ordstyrar

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vel Daniel Stave til ordstyrar.

Vedtak: Styrets framlegg vart samrøystes vedteke.

4. Val av skrivar

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vel Arnt Ole Ramsdal til skrivar.

Vedtak: Styrets framlegg vart samrøystes vedteke.

5. Val av to personar til å underskrive møteboka

Årsmøte valde:

1.: Jan Petter Sæbø

2.: Harald Myklebust

6. Årsmelding

Styret viser til vedlagt årsmelding for 2022.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte tek årsmeldinga for 2022 til vitande.

Vedtak: Styrets framlegg vart samrøystes vedteke.

7. Rekneskap

Styret viser til revidert rekneskap for 2022. Rekneskapet viser eit overskot på kr. 78.907 etter avskrivningar. Eigenkapitalen pr. 31.12.2022 er kr. 1.438.088. Samla likvide midlar i båtlaget er kr 635.111. Revisjonsmeldinga vart opplesen i møtet.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte godkjenner rekneskapen for 2022.

Vedtak: Styrets framlegg vart samrøystes vedteke.

8. Fastsetje medlemskontingenten

Styret tilrår at medlemskontingenten vert uendra på kr 350,- for 2023.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte fastset medlemskontingenten for 2023 til kr. 350,-

Vedtak: Styrets framlegg vart samrøystes vedteke.

9. Fastsetje årleg avgift for 4m, 6m og 8m båt plass

Styret tilrår at årleg avgift vert uendra for 2023.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte fastset årsavgifta for 2023 til:

4m båt plass kr. 1650,-

6m båt plass kr. 1750,-

8m båt plass kr. 1850,-

Vedtak: Styrets framlegg vart samrøystes vedteke.

10. Fastsetje eingongsinnskot for 4m, 6m og 8m båt plass

Konsumprisindeksen i 2022 har ifølgje Statistisk sentralbyrå (SSB) auka med 5,8%. Årsmøtet har kvart år justert eingongsinnskotet for båt plassane etter konsumprisindeksen til SSB.

Styret sitt framlegg:

Årsmøtet justerer eingongsinnskotet for 4m, 6m og 8m båt plass etter konsumprisindeksen til SSB på 5,8%. Endringa gjeld frå og med 01. april 2023 til årsmøte i mars 2024.

Etter dette vert eingongsinnskot på båt plassane slik:

4 m plass innskot kr. 29.833, justert innskot etter konsumprisindeks til kr. **31.563**

6 m plass innskot kr. 36.838, justert innskot etter konsumprisindeks til kr. **38.975**

8 m plass innskot kr. 45.034, justert innskot etter konsumprisindeks til kr. **47.646**

Vedtak: Styrets framlegg vart samrøystes vedteke.

11. Fastsetje timegodtgjersle for dugnad

Styret tilrår at timegodtgjersla for dugnad vert uendra for 2023.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte fastset timegodtgjersle for dugnad i 2023 til kr. 100,-

Vedtak: Styrets framlegg vart samrøystes vedteke.

12. Forlenge brygge i vest

Det er kome forslag om å bytte ei 6m brygge mot ei 7m brygge for å forlenge brygga i vest.

Styret sitt framlegg:

Årsmøtet vedtek å bytte ei 6m brygge mot ei 7m brygge i vest

Vedtak: Årsmøtet gjev styret fullmakt til å vurdere og bytte fleire 6m- til 7m brygger dersom styret ser dette som nødvendig.

13. Investerings- og vedlikehaldsplan for Naustdal Båtlag for perioden 2023-2033

Til årsmøte i 2014 utarbeida styret ein investerings- og vedlikehaldsplan for perioden 2014-2017.

Planen skal rullerast kvart år og styret skal legge fram ein oppdatert plan til årsmøtet.

Vedlagt følgjer revidert investerings- og vedlikehaldsplan for perioden 2023-2033.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek revidert investerings-, og vedlikehaldsplan for 2023-2033.

Vedtak: Styrets framlegg vart samrøystes vedteke.

14. Budsjett 2023

Styret viser til vedlagt driftsbudsjett for 2023.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek styret sitt framlegg til driftsbudsjett for 2023.

Vedtak: Styrets framlegg vart samrøystes vedteke.

15. Val

Innstilling til nytt styre for årsmøtet i Naustdal båtlag 2022

Styret for 2022:

Styret:

Daniel Stave, leiar	1 år
Roy Arne Flo, nestleiar	Ikkje på val
Arnt Ole Ramsdal, skrivar	Ikkje på val
Helge Stølsvik, styremedlem	2 år
Jan Dahlberg, kasserar	2 år

Innstilling til nytt styre 2023:

Bård Håvard Solsvik, leiar	1 år.
Daniel Stave, nestleiar	2 år
Arnt Ole Ramsdal, skrivar	2 år
Helge Stølsvik, styremedlem	Ikkje på val
Jan Dahlberg, kasserar	Ikkje på val

Revisorar:

Bjørn Olav Erdal	Ikkje på val
Egil Gulholm	1 år


Bjørn Olav Erdal	2 år
Jan Petter Sæbø	1 år

Valnemnd:

Kjartan Krognes	Ikkje på val
Harald Myklebust	2 år

Kjartan Krognes	2 år
Harald Myklebust	Ikkje på val

Vedtak: Valnemnda sitt framlegg vart samrøystes vedteke.


Jan Petter Sæbø


Harald Myklebust